



Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Knut Trefall	FE-140	22/1349

### KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL FOR VAKSDAL 2023-2035 TIL 2. GONGS HANDSAMING

#### Vedlagte saksdokument:

Kommuneplan - Samfunnsdel 2023 - 2035  
Oppsummering og vurdering av merknadar  
Fråsegner samla  
Planprogram  
Medverknadsrapport  
Kunnskapsgrunnlag KPS

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Vaksdal kommune 2023-2035 vert vedtatt jf. Plan- og bygningslova § 11-15.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag

På bakgrunn av planstrategi for Vaksdal kommune 2020-2024, planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, vedtatt 21.02.2023 og planforslag lagt ut på offentleg høyring og offentleg ettersyn den 08.06.2023, legg Kommunedirektøren fram forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2035 for endeleg vedtak.

Kommuneplanen er utarbeidd med brei politisk involvering og medverknadsprosessar med befolkninga. Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheldt fem satsingsområde for samfunnsutviklinga framover. For kvart satsingsområde er det utarbeidd målsettingar og strategiar som skal følgast opp i kommunen sitt planverk og i handlings- og økonomiplanen.

#### Vidare saksgang:

Planforslaget blir no lagt fram for kommunestyret for endeleg fastsetting. Vedtaket kan ikkje påklagast.

#### Bakgrunn for saka

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt viktigaste styringsdokument og skal danna grunnlag for kommunen sine prioriteringar i handlings- og økonomiplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld politiske satsingsområde, mål og strategiar som skal følgast opp i andre strategiar og planverk, i tillegg til i kommunen sitt daglege virke. KS sin rapport «*Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel*» anbefala at samfunnssdelen skal ha ein tydeleg retning, overordna mål, og at planen skal bli revidert ofte gjennom effektive planprosessar.

Den gjeldande kommuneplanen sin samfunnsdel for Vaksdal kommune blei vedtatt i 2017. Gjeldande plan har mange styrker, og har på mange måtar fungert godt som eit lokalpolitisk styringsverktøy. Samstundes har det skjedd endringar både lokalt, i storsamfunnet og i overordna føringar og rammevilkår, noko som gjev behov for å oppdatere samfunnsplanen som eit verktøy for styring av utviklinga i Vaksdal.

Planprogrammet blei vedtatt 21.02.2023 og inneheldt bakgrunn og målsetting for planarbeidet og informasjon om organisering, medverknad og framdrift. I planprogrammet blei også dei viktigaste områda for samfunnsutvikling presentert. Dette er nytta som eit utgangspunkt for utarbeiding av samfunnssdelen.

Planforslaget er eit resultat av ein omfattande prosess med medverknad frå kommunale råd og utval, barn og unge, internt i administrasjonen og innbyggjarar i kommunen. Kommunedirektøren si leiargruppe har vore kopla tett på prosessen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein politisk plan som synleggjer kva kommunen ønsker å prioritere, og gjev retning for samfunnsutviklinga. For å komma fram til dei prioriterte satsingsområda, måla og strategiane i planen, har det blitt gjennomført politiske verkstader i kommunestyret, med tverrpolitiske diskusjonar. Diskusjonane og dei politiske føringane frå dei politiske verstadane har forma innhaldet i samfunnsplanen. Dei politiske satsingsområda for kommuneplanen sin samfunnsdel for Vaksdal 2023-2035 er:

- Attraktivitet og trivsel
- Barn og unge
- Næringsliv og arbeidsplassar
- Klima og miljøvenleg utvikling
- Kommunikasjon og openheit

Kvart av dei fem satsingsområda har hovudmålsetting, delmål («slik vil me ha det») og strategiar («slik gjer me det»). Dei fire første satsingane handlar om korleis kommunen skal satsa og utvikla seg. Det femte satsingsområde, kommunikasjon og openheit, handlar om korleis kommunen kan jobba saman med innbyggjarane gjennom samskaping og mobilisering av ressursar. Dette er avgjerande for å kunne skapa ein god kommune i fellesskap med innbyggjarane.

Med heimel i Plan- og bygningsloven §11-14, vedtok formannskapet i Vaksdal kommune den 30.05.2023 å legge Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2035 ut til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen blei satt til 23.07.2023. Det kom inn 10 merknader til planen. Desse er oppsummert og vurdert, og vedlagt i sin heilheit. Med bakgrunn i høyringsuttalane har kommunedirektøren foreslått enkelte små justeringar i planforslaget. Justeringane går fram av kommunedirektøren sine kommentarar til dei enkelte høyringsuttalane.

Arealstrategiar er overordna prinsipp for arealbruk. Det er anbefalt at det vert utarbeidd ein langsiktig arealstrategi som ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel, men arealstrategiar kan òg utarbeidast som ein del av prosessen til kommuneplanen sin arealdel. Mange av merknadene til planforslaget omhandlar tema for areal og arealstrategiar. Gjennom arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel for Vaksdal har arealstrategiar blitt diskutert, og det er tatt ei avgjersle på at kommunen skal utarbeida arealstrategiane som ein del av planprogrammet til ny kommuneplanens arealdel.

### **Formelt grunnlag**

Plan- og bygningslova § 11-15.

KOM 104/2020 Planstrategi 2020 – 2023

KOM 06/2023

FPØ 56/2023

### **Vurdering**

Utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel for Vaksdal 2023-2035 er no utarbeidd. Samfunnssdelen inneholder satsingsområde, mål og strategiar, som er basert på kunnskapsgrunnlag, medverknad, dialog og politiske diskusjonar i kommunestyret. Kommuneplanen sin samfunnsdel er spissa, og syner tydeleg kva kommunen ønsker å satse på i åra som kjem. Kommunedirektøren anbefaler at planforslaget blir vedtatt.